



**Fjord**  
kommune



**VAL**

## Valinformasjon Stortings- og sametingsvalet 13. september 2021

### **Står du i manntalet?**

For å kunne røyste ved valet i haust må du stå i manntalet i kommunen.

Du blir innført i manntalet i den kommunen Folkeregisteret har registrert deg som bosatt per 30. juni i år.

Du har røysterett ved stortingsvalet dersom du:

- er norsk statsborgar
- har fylt 18 år innan utgangen av 2021
- er, eller har nokon gong vore, folkeregisterført som busett i Norge

Har du budd i utlandet i meir enn 10 år kan du søkje om å få bli innført i manntalet i den kommunen du budde i på det tidspunktet du flytta ut. Flytter du tilbake til landet etter 10 år, blir du ført inn i manntalet i den kommunen du flytter til.

Søknaden eller klage på feil eller manglar sendast til Fjord valstyret, Postboks 144, 6211 Valldal.

Manntalet blir lagt ut til gjennomsyn så snart det let seg gjere etter skjæringsdatoen 30. juni (ca. 14. juli) og fram til valdagen på desse stadene:

- Rådhuset i Valldal
- Kommunehuset i Stordal

Du kan også kontrollere om du er innført i manntalet ved å ringe 418 67 800, eller kontakte oss på e-post: [post@fjord.kommune.no](mailto:post@fjord.kommune.no)

### **Valkort**

Alle veljarar får tilsendt valkort. Ved valet til hausten får alle som ikkje har reservert seg mot digital post frå det offentlege valkortet tilsendt digitalt. Dersom du har med deg valkortet i vallokalet, er det enklare og raskare for valfunksjonærane å finne deg i manntallet.

### **Når kan du røyste?**

I perioden 10. august – 10. september kan du førehandsrøyste i kva kommune som helst.

På valdagen 13. september må du røyste i eit av valglokala i kommunen der du er registrert som busett i folkeregistret den 30. juni.

**Tid og stad for førehandsrøysting:**

Førehandsrøyster for Stortings- og sametingsvalet 2021 skal takast imot på rådhuset i Valldal og på kommunehuset i Stordal kl. 10.00 -15.00, i perioden 10. aug. t.o.m. 10. sept. 2021.

**Tysdag 31. august langope**

Rådhuset i Valldal til kl. 18.00

Kommunehuset i Stordal til kl. 18.00

**Laurdag den 4. september**

Omsorgsbustaden i Eidsdal kl. 11.00-13.00

Rådhuset i Valldal kl. 14.00-16.00

Kommunehuset i Stordal kl. 14.00-16.00

**Institusjonsval:**

Valldal sjukeheim 06.09.2021, kl. 10.30-12.00

Stordalstunet 07.09.2021, kl. 10.30-12.00

**Røysting i perioden for førehandsrøysting:**

**Er du sjuk/ufør eller i karantene p.g.a Covid 19?** Da kan du søkje kommunen om å få førehandsrøyste heime (ambulerande røysting). Slik søknad må vere kome kommunen i hende seinast kl. 10.00 fredag 10. september. Ved event. stort lokalt smitteutbrudd kan det bli oppretta eige lokale for mottak av røyster frå personar i karantene.

**Røysting etter perioden for førehandsrøysting:**

Veljarar som ikkje kan røyste i ordinære vallokaler p.g.a **isolasjonsplikt grunna Covid-19**, kan etter søknad til valstyret avgi si røyst der dei oppheld seg. Fristen for å søke er kl. 10.00 på valgdagen.

**Tidlegrøysting:**

Kan du ikkje røyste i førehandsrøysteperioden eller på valgdagen? Da kan du be kommunen din om å få tidlegrøyste frå 1. juli på rådhuset kl. 10.00-15.00. Ta i så fall kontakt med kommunen på førehand.

**Adressa til valstyret er:** Fjord valstyre, Postboks 144, 6211 Valldal. eller e-post:

[post@fjord.kommune.no](mailto:post@fjord.kommune.no). Tlf. 418 67 800.

**Tid og stad for røysting på valdagen:**

Valldal krins                      Martin Linge-huset                      kl. 10.00-20.00

Stordal krins                      Stordalshallen                      kl. 10.00-20.00

Eidsdal krins                      Eidsdal skule, gymsalen                      kl. 12.00-18.00

**Du finn all valinformasjon på kommunen si heimeside [www.fjord.kommune.no](http://www.fjord.kommune.no)**

**NB! Husk legitimasjon og gjerne valkort. Grunna Covid 19 oppfordrar vi veljarar til å nytte seg av førehandsrøysting.**

*Eva Hove, leiar i Fjord valstyre*